



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Minoritetsjenter sitt forhold til fysisk aktivitet og organisert idrett

The relationship girls from a minority background have with physical activity and organized sports

Åsne Henden

Folkehelsearbeid med vekt på kosthald og fysisk aktivitet
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

28.05.20

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Forord

Det har vore spanande og lærerikt å skrive mi avsluttande bacheloroppgåva. Eg ikkje tvilt på at det var riktig tema eg valte, og det har difor vore lett å engasjerande undervegs. Utbytte er stort – og noko eg vil ta med meg vidare no då eg er ferdig med bachelorutdanning i folkehelsearbeid.

Utan god hjelp ville det ikkje blitt det same. Eg vil takka rettleiaren min Arild Hafstad for gode innspel og hjelp gjennom arbeidet og Elise Barsnes i Vestland Idrettskrets for gode og kunnskapsrike råd. Eg vil også retta ein stor takk til dei som tok seg tid til å vidaresende spørjeundersøkinga for meg, og ikkje minst til alle jentene som svarte. Sist vil eg takka dei eg har rundt meg for støtte, råd og korrekturlesing.

Abstract

Background

Girls from a minority background are especially underrepresented in organized sports. Research shows that 78% of girls with Norwegian born parents have participated in youth sports some time, compared to 51% of girls from a minority background. Socio-economic differences are responsible for some of this variation but there is still a 20% difference once these are excluded. The focus of this study is to identify the other factors that influence the relationship that girls from a minority background in the 16 to 18 age group have with physical activity and organized sports.

Methodology

A quantitative questionnaire survey was used to collect the data for this study. The selection of participants was strategic sample based on three criteria: (1) female, (2) with a minority background, and (3) between 16 – 18 years old. The questions were designed to explore their motivation and experiences of physical activity and identify possible reasons for their current participation or lack of participation in organized sports. To identify possible reasons the respondents answer certain questions by the use of a 0-10 point Likert scale. The final sample size was 27 respondents.

Results

The respondents were mainly from African and Middle Eastern backgrounds and were either born in Norway or had migrated to Norway. The survey revealed that 44% of the respondents had not been participating in sports before moving to Norway. At the time of the survey, 70% of the respondents indicated that they were not currently participating in organized sports and 30% reported being active participants in organized sport. The group that were not participating in sport gave the following reasons:

- They had not found a sport that they like
- They felt that exercising alone was more important than organized sports.

The group that was participating in sport offered the following reasons for this behaviour:

- They participated purely for the enjoyment of competing
- Family and friends had been an important reason to participate in organized sports.

Looking at possible reasons for current participation or lack of participation, shows complex reasons regarding habits for physical activities, awareness of available sport opportunities, cultural and religious differences. However, the most interesting results were related to how social networks and Habitus affect experience and individual choice, and understanding how levels in Maslow's hierarchy of needs affect behaviour and motivation.

Conclusion

Conclusion regards a broad perspective on the relationship girls from a minority background have with physical activity and organized sports in Norway. This study identifies a number of factors including their life experience, personal habits, social networks, cultural and family background, religion and their current stage of life. It is important to emphasize how sport can be a positive influence on the individual's quality of life as well as for the wider community and therefore removing barriers to participation will bring both individual and societal benefits.

Keywords: Physical activity, organized sports, young girls, minority background

INNHALDSLISTE

Forord.....	1
Samandrag.....	2
1. Innleiing.....	6
1.1 Bakgrunn.....	6
1.2 Val av problemstilling.....	7
1.2.1 Problemstilling.....	7
1.4 Omgrepsavklaring.....	7
2. Teoretisk perspektiv.....	8
2.1 Mål i Norges idrettsforbund.....	8
2.2 Folkehelse i inkludering.....	8
2.3 Perspektiv for å forstå enkeltindivid.....	8
2.3.1 Idrett, kjønn, kropp og kultur.....	9
2.3.2 Kultur.....	9
2.3.3 Maslows behovspyramide.....	9
2.3.4 Sosiale nettverk.....	10
2.4 Tidlegare forskning.....	10
2.4.1 Idrettsdeltaking og trening blant ungdom i Oslo.....	11
2.4.2 Idrettens sosiale posisjon i ungdomstida.....	11
3. Metode.....	12
3.1 Val av metode.....	13
3.2 Utforming av spørjeskjema.....	13
3.3 Utval av respondentar.....	14
3.4 Reliabilitet og validitet.....	14
3.5 Dataregistrering.....	15
3.6 Forskingsetikk.....	15
4. Resultat.....	16
4.1 Populasjon.....	16
4.2 Tidlegare erfaring.....	16
4.3 Noverande status for deltaking i organisert idrett.....	17
4.4 Faktorar for at respondentane deltek/ikkje deltek.....	18
5. Diskusjon.....	21
5.1 Motivasjon for fysisk aktivitet.....	21

5.2 Tidlegare erfaring.....	21
5.3 Grunnar til ikkje å delta i organisert idrett.....	22
5.4 Grunnar til å delta i organisert idrett.....	22
5.5 Faktorar for å delta/ikkje delta i organisert idrett.....	22
5.5.1 Vanar for fysisk aktivitet.....	23
5.5.2 Kjennskap til organisert idrett.....	23
5.5.3 Kulturelle forskjellar.....	23
5.6 Idretten sin verdi.....	24
5.7 Styrkjer og svakheiter ved studien.....	25
6. Oppsummering.....	26
Litteraturliste.....	27
Vedlegg (spørjeskjema)	29

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Stortingsmelding Meld. St. 10 (2018–2019) «Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig» legg vekt på at brei deltaking er ei kjelde til fellesskap, demokratiutøving og kompetanse, og at kjelda skal vere tilgjengeleg for alle. Det er eit overordna politisk mål å auke deltakinga i frivillige organisasjonar og frivillig arbeid – for å styrkja tilliten me har i samfunnet vårt, hindre utanforskap og fremje inkludering, for å sikre kulturarven vår og for å sikre folkehelsa (Kulturdepartementet, 2018, s. 7). Eit av mange tiltak for å tilretteleggje for auka deltaking er Fritidserklæringa.

Fritidserklæringa bygger på FNs konvensjon om barnets rettigheter, herunder artikkel 31: Partene anerkjenner barnets rett til hvile og fritid og til å delta i lek og fritidsaktiviteter som passer for barnets alder og til fritt å delta i kulturliv og kunstnerisk virksomhet. (Regjeringa, 2016)

Regjeringa, kommunesektoren og frivillige organisasjonar har signert på Fritidserklæringa. Målet med samarbeidet er at alle barn, uavhengig av foreldra sin sosiale og økonomiske situasjon, skal ha moglegheit til å delta i minst ein fritidsaktivitet saman med andre barn (Regjeringa, 2016). Idrettsforbundet har signert Fritidserklæringa, og som den største frivillige organisasjonen i Norge med 2,1 mill. medlemskap, og over 11 000 idrettslag, er dei ein sentral aktør (www.idrettsforbundet.no). På tross av politiske mål og satsingsområde frå statlege hold og idretten sjølv, viser idretten ulikheiter i rekruttering. Spesielt jenter med minoritetsbakgrunn er underrepresentert. Familiens sosioøkonomiske ressursar er den enkeltfaktoren som i størst grad forklarar minoritetsungdom sin underrepresentasjon i idretten (Ødegård, Bakken & Strandbu 2016, s. 96). Sosioøkonomisk forskjell forklarar nesten all skeivfordeling i rekruttering blant gutar, men sett vekk i frå sosioøkonomiske forhold er det framleis 20 % forskjell i deltaking blant minoritetsjenter og andre jenter (Bakken, 2019, s. 40).

I Kulturdepartementet sin rapport «Kom igjen jenter!» frå 2014 tek dei opp ulike barrierar og utfordringar som hindrar minoritetsjenter å delta i organisert idrett. Av dette vert foreldra sin rolle, kostnader og forpliktingar ved idrettsdeltaking, reglar for bruk av klede, samvær med det andre kjønn, idrettslagets møte med det fleirkulturelle samfunnet, få synlege rollemodellar, og mangel på anlegg og treningstid framheva som avgrensande faktorar

(Kulturdepartementet, 2014, s. 13). Rapporten konkludera med at meir forskning er naudsynt, og då spesielt kunnskap om minoritetsjenter sitt forhold til idrett og fysisk aktivitet. Dette har vore til inspirasjon for min studie.

1.2 Val av problemstilling

Det er interessant å sjå kva som utgjer at jenter med minoritetsbakgrunn deltek i mindre grad enn andre jenter i organisert idrett. Eg vil gjennom oppgåva prøve å forstå meir om minoritetsjenter sitt forhold til fysisk aktivitet og organisert idrett i alderen 16 – 18 år. Dermed er bakgrunn og erfaringar frå fysisk aktivitet viktig, samt moglege faktorar som fremmar eller hemmar deltaking i organisert idrett.

1.2.1 Problemstilling

Kva forhold har jenter med minoritetsbakgrunn til fysisk aktivitet og organisert idrett?

1.3 Omgrepsavklaring

Jenter med minoritetsbakgrunn

Innvandrere er definert som personer som selv har innvandret til Norge, og som er født i utlandet av utenlandsfødte foreldre, og fire utenlandsfødte besteforeldre. Norskfødde med innvandrerforeldre er personer som er født i Norge av to utenlandsfødte foreldre, og som har fire utenlandsfødte besteforeldre. (SSB, 2019)

Samlebetegning for begge gruppene omtalast som personar med innvandrarbakgrunn. Omgrepet minoritetsjente eller jenter med minoritetsbakgrunn vert i studien nytta om personar med innvandrarbakgrunn. Majoritet eller resten av befolkninga vert nytta for å skilje gruppene.

Fysisk aktivitet

«Fysisk aktivitet er definert som all kroppsleg bevegelse som er utført av skjelettmuskulatur, og som resulterer i ein vesentleg auke i energiforbruket utover kvilenivå»

(Folkehelseinstituttet, 2017). I oppgåva inngår fysisk aktivitet både som organisert idrett, anna organisert fysisk aktivitet og eigenorganisert trening.

Organisert idrett

Med det meinast den organiserte idretten i Norge som er underlagt Norges idrettsforbund og

olympiske og paraolympiske komité. Barneidrett er opp til 12 år, og ungdomsidrett er frå 13 – 19 år (www.idrettsforbundet.no).

2. Teoretisk perspektiv

2.1 Mål i Norges idrettsforbund

Visjonen «Idretts glede for alle», skal spegle mangfaldet i det norske samfunn (www.norgesidrettsforbund.no). I idrettspolitisk dokument *Idretten vil! For 2019 – 2023*, er eit av fire grunnleggande vegval inkludering. Det betyr ein organisasjon som ser alle, skapar tryggleik, og tek vare på alle. Under satsingsområde livslang idrett, er målsettinga «Idretten vil arbeide for et mangfoldig idrettstilbod til alle aldersgrupper og alle idrettslige nivå», og «Idretten vil skape eit idrettstilbod som inkluderer og er tilrettelagt for alle» (Norges idrettsforbund, 2019).

2.2 Folkehelse i inkludering

«Folkehelsearbeid er den innsatsen samfunnet gjer for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar helse og trivsel i befolkninga» (Helse og omsorgsdepartementet, 2019, s. 153). Som andre frivillige organisasjonar, spelar idretten ei viktig rolle i folkehelsearbeidet, både i kraft av aktiviteten organisasjonen står for, og ved at deltaking gir eigenverdi for enkeltmenneske (Helse og omsorgsdepartementet, 2019, s. 153).

Gjennomsnittet for personar med minoritetsbakgrunn er dårlegare levekår og lågare inntekt enn resten av befolkninga, og utviklinga viser at forskjellane stadig aukar (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet, 2019). Livskvalitet måler enkeltmennesket sin helse og trivselen, men vil også vera eit mål på korleis samfunnet utviklar seg (Helse og omsorgsdepartementet, 2019, 70). Gjennom organisert idrett kan livskvaliteten auka ved at ein tek del i eit sosialt miljø i tillegg til den helsemessige fordelene med fysisk aktivitet. Mangel på møteplassar og sosiale nettverk kan vera grunnlag for ei rekkje fysiske og psykiske utfordringar (Kulturdepartementet, 2018, s. 31). Deltaking i organisert idrett er difor viktig i eit folkehelseperspektiv.

2.3 Perspektiv for å forstå den enkelte

For å forstå meir om jenter med minoritetsbakgrunn sitt forhold til fysisk aktivitet og organisert idrett, vil oppgåva byggja på sosialiserte forhold inspirert av Strandbu, samt Maslow sin behovspyramide og sosiale nettverk.

2.3.1 Idrett, kjønn, kropp og kultur

I Strandbu (2006) sin avhandling, «Idrett, kjønn, kropp og kultur» vert ulike motiv og bakgrunn for deltaking i organisert idrett for minoritetsjenter skildra med utgangspunkt i fem ulike studiar. Inspirert av Bourdieu viser Strandbu korleis motivasjon forståast som del av habitus. Habitus vert tenkt som ein disposisjon for handling som omfattar persepsjonsmåtar, kroppoppfatning og faktar (Bourdieu, referert i Strandbu, 2006, s. 43). Handlingar er subjektivt motiverte, og dei er motiverte ut frå ein verkelegheitsforståing, i etablerte og lærte sosiale strukturar. Eit sett av levevanar som er bevisst eller ikkje utgjer det som er naturleg. Vidare vert det vist til at idrettsfeltet viser svakheiter ved teoretiske tilnærmingar til identitet som ikkje fangar djup-sosialiserte forhold som at nokon jenter med minoritetsbakgrunn har tileigna seg andre kjønnsidentitetar og bluferdighetsgrenser enn dei som verserer i norske idrettskulturar (Strandbu, 2006, s. 84). I konklusjonen framstiller avhandlinga perspektiv som dreier seg om at manglande interesse for organisert idrett fyst og fremst ikkje handlar om restriksjonar frå foreldre, men om eigne ynskjer og djupare sosialiserte motivasjonar med bakgrunn i oppdraging og oppvekst (Strandbu, 2006, s. 84).

2.3.2 Kultur

Eksempel på teoretiske tilnærmingar til identitet, er ei forståing om at kulturelle forskjellar i mange minoritetsfamiliar handla om streng kontroll med jenters fritidsaktivitet, liten tradisjon for at jenter skal drive med idrett, rådande kleskodar og å opptre respektabelt (Walseth, 2011, s. 358). Dette argumentera Strandbu (2006) for at er ein begrensande måte å sjå kultur på. Kultur er eit vanskeleg omgrep å definera, men også eit grunnlag for å forstå ulike verdiar. Det er derfor sentralt å forstå korleis kultur brer seg ulikt, med eksempelvis kulturell bakgrunn, familiekultur og idrettskultur. Ein kan tenkja seg at kultur er noko folk har, noko som er ein del av dei sjølve fordi dei har vokse opp i eit miljø som har lært dei bestemte ting om korleis verden ser ut, om riktig og galt, og om korleis dei skal oppføre seg (Eriksen, 2011, s. 41). Naturlege vanar, skikkar og førestillingar folk flest tek for gitt utgjer kjernen i ein kultur. Dette er tileigna på ein bevisst, selektiv og ofte kritisk måte, og som fylgje av det vil alle enkeltindivid i eit samfunn vera forskjellige (Eriksen, 2011, s. 43).

2.3.3 Maslows behovspyramide

Det antakast at det å vekse opp i Norge som innvandrar eller med føresette som er innvandrarak, gjev grunnlag for nokre særskilte oppvekstvilkår (Kunnskapsdepartementet, 2014). Ved hjelp av Maslow sin behovspyramiden (1943) kan ein forstå korleis behov styrar

motivasjon og åtferd, og at det kan vera ulikt («Maslows behovspyramide», 2018). Maslow beskriv menneske sine behov som ein pyramide der dei mest grunnleggande behova kjem fyst. Dei fem trinna i pyramiden byggjer på kvarandre. Ein må derfor dekke behovet for det nedste trinnet før ein kan stige til neste trinn. Behova styrer oss, og i løpet av livet vil nivået ein er på variera i begge retningar («Maslows behovspyramide», 2018).

Fysiske behov er våre grunnleggande fysiske og fysiologiske behov. Behovet for tryggleik er ynskje om å kjenne seg trygg, men om det er fråvær av farar, å ha eit nettverk rundt seg, ha ei tro eller livssyn, trygg økonomi, eller sikker skulegang vil varierer frå individ til individ. Sosiale behov viser til grunnleggande behov for kjærleik og tilhøyr til familie og venar, som er viktig for livskvalitet og helse. Behov for anerkjenning og respekt handlar om å oppleve at å bli sett, som gjer at ein kjenner seg trygg på seg sjølv, og vågar å prøve nye ting. Behov for sjølvrealisering er ynskje om å bruke evnene våre, leve ut draumar, og vise at ein klarar å nå måla ein sett seg («Maslows behovspyramide», 2018). Når det er snakka om kva som dekkjer den enkeltes behov må det takast i betraktning av at det er svært ulikt om ein er norskfødd med innvandrarforeldre, har sjølv innvandra til Norge, opphaldstid i Norge og kva kulturell bakgrunn ein har.

2.3.4 Sosiale nettverk

I rapporten om vilkår for frivillig innsats, legg dei vekt på betydinga av sosiale nettverk for om ein vert rekrutterert eller ikkje (Wollebæk, Sætrang, Fladmoe, 2015). Dei forstår deltaking ut i frå å analysere subjektive disposisjonar, som handlar om motivasjon og rasjonelle vurderingar knytt til aktiviteten ein deltar i (Wollebæk et al., 2015, s. 8). Individuelle føresetnadar som dreier seg om forhold knytt til livsfase, sosioøkonomiske ressursar, sosiale nettverk, familiebakgrunn. Konteksten, som tek opp forhold rundt organisasjonskontekst og samfunnsendringar (Wollebæk et al., 2015, s. 8). Nettverkskapital vil sei ressursane som er innebygd i det sosiale nettverket. (Wollebæk et al., 2015, s. 56). Sosiale nettverk og omfattande nettverkskapital er positivt forbundet med frivillig arbeid, men vil i oppgåva knytast opp til frivillig deltaking i organisert idrett, med fokus på individuelle føresetnadar.

2.4 Tidlegare forskning

Den statistiske delen av teorigrunlaget byggjer på rapportar med tal frå Ungdataundersøkingane gjort i 1996 - 2018. Ungdata er standardiserte, lokale ungdomsundersøkingar som vert tilbudd til alle landets kommunar og fylkeskommunar (www.ungdata.no).

Undersøkinga svarast av elevar på ungdomstrinnet og vidaregåande, der vidaregåande elevar får fleire bakgrunnsspørsmål som dekkjer blant anna innvandrarbakgrunn. Den gir dermed eit godt innblikk for heile elevpopulasjonen i ungdomsskulen og vidaregåande, og er brukt i ei rekkje rapportar som omhandlar minoritetsjenter sin deltaking i organisert idrett.

2.4.1 Idrettsdeltaking og trening blant ungdom i Oslo

Rapporten «Idrettsdeltaking og trening blant ungdom i Oslo» byggjer på Ungdataundersøkinga, Ung i Oslo 2015, og er ein oppfylgingsstudie frå tilsvarende undersøkingar gjennomført i 1996 og 2006. Den gjev oversikt over kor mange Oslo-ungdommar i alderen 13-19 år som deltek i organisert idrett og som driv med ulike treningsaktivitetar. Rapporten legg vekt på kunnskap om drivarar og barrierar for unge sin deltaking i idrett og trening og endringar over tid, med eit særskilt fokus på minoritetsjenter (Ødegård et al., 2016).

I 1996 svarte 68 % av Oslo-ungdom at dei ein eller annan gong gjennom oppveksten hadde vore med i idrett, medan i 2015 var dette talet 82 % (Ødegård et al., 2016, s. 74). For minoritetsjenter har andelen som har vore innoom idretten auka frå 36 % til 56 % i same periode. Utjamning mellom minoritetsjenter og majoritetsjenter har hatt ei utvikling, men sjølv om fleire minoritetsjenter oppgjev å ha vore innoom idretten i løpet av oppveksten, har det ikkje auka andelen idrettsaktive i ungdomen (Ødegård et al., 2016, s. 75). I alle grupper minkar andelen som deltek i idretten betydeleg gjennom tenåra, og i større grad dei seinare åra.

Tal frå rapporten viser at minoritetsungdom trenar mindre enn for 20 år sidan, medan utviklingstrekka har gått i motsett retning for unge med norskfødde foreldre (Ødegård et al., 2016, s. 75). Polariseringen forklarast ikkje med motivasjon, då den har vore aukande. Rapporten indikerer at ein står ovanfor nokon deltakingsbarrierar eller fråfallsmekanismar som gjer at enkeltgrupper som ynskjer å trene ikkje opplever å ha tilgang til dei aktuelle idrettsarenaene (Ødegård et al. 2016, s. 99). Kontrastane er mindre på treningsarenaer utanfor idretten, noko som kan tyda på at det er noko ved idrettsarenaen i seg sjølv som i mindre grad appellera til jenter med minoritetsbakgrunn (Ødegård et al. 2016, s. 48).

2.4.2 Idrettens posisjon i ungdomstida

Rapporten «Idrettens posisjon i ungdomstida» (2019) tek opp kven som deltek, og årsaker for låg deltaking i befolkninga etter alder, kjønn og sosial bakgrunn. Rapporten er eit resultat av forskingsprosjektet «Idrettens sosiale posisjon i ungdomstiden», og byggjer på Ungdata frå

2016, 2017 og 2018. Ei overordna målsetting er å få meir kunnskap om kva posisjon idrett har blant ungdom i dag.

Resultata viser at 93 % av norsk ungdom oppgjev at dei har vore med i eit idrettslag nokon gong, medan 75 % oppgjev at dei har vore med i ungdomsidretten nokon gong (Bakken, 2019, s. 8). Når ein ser på rekruttering til ungdomsidretten, er det 78 % som har deltatt av jenter med norskfødde foreldre mot 51 % som har deltatt av jenter med innvandrar foreldre (Bakken, 2019, s. 40). Underrepresentasjon blant minoritetar i ungdomsidretten skyldast at mange ikkje har vore med i organisert idrett før dei kom til Norge (Bakken, 2019, s. 41). Blant dei som har budd relativt kort tid i Norge, har nærmare halvparten aldri vore med i eit idrettslag. 18 % av gutane har aldri vore med, medan 32 % av jentene har aldri vore med (Bakken, 2019, s. 41). Rapporten viser til at det er skeivheiter i rekruttering gjennom barneåra, og det er ikkje det å slutte som er den viktigaste mekanismen for å forstå forskjellane i deltaking. Samstundes viser resultata at blant dei som har deltatt i organisert idrett i barndommen, er det ein høgare andel av minoritetsjentene som har slutta før dei byrjar i ungdomsidretten (Bakken, 2019, s. 41).

I løpet av dei siste tre åra har det vore ein auke i andelen ungdommar som trenar, og det er fleire ungdommar som trenar mykje (Bakken, 2019, s. 99). Ungdom frå høgare sosiale lag trenar meir enn ungdom frå lågare sosiale lag uansett kva arena det skjer på. Dei største forskjellane er knytt til organisert trening, medan forskjellane er langt mindre for trening på treningsstudio (Bakken, 2019, s. 99). Det er den same utviklinga som kjem fram i rapporten «Idrettsdeltaking og trening blant ungdom i Oslo». Forskjellane aukar og ein ser ei helling mot meir individuell trening, men tala i Idrettens posisjon i ungdomstida vert sett i eit større perspektiv med sosial bakgrunn og mindre skilnad på minoritetsbakgrunn og resten av befolkninga.

3. Metode

«Samfunnsvitenskapelig metode dreier seg om hvordan vi skal gå fram for å få informasjon om den sosiale virkeligheten, hvordan denne informasjonen kan analyseres, og hva den forteller oss om samfunnsmessige forhold og prosesser» (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 16).

3.1 Val av metode

Problemstillinga tek utgangspunkt i målgruppa sine eige perspektiv, tankar og erfaringar. «I kvalitativt design betyr en fenomenologisk tilnærming å utforske og beskrive mennesker og deres erfaringer med og forståelse for et fenomen» (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 99). Fenomenet er oppgåva sin problemstilling - kva forhold har jenter med minoritetsbakgrunn til fysisk aktivitet og organisert idrett.

Ideelt sett ville kvalitative intervju med fenomenologisk tilnærming vore framgangsmåten når problemstillinga søker kunnskap frå enkeltindivid. Ved hjelp av intervju står individa fritt til å svare på spørsmåla med eigne ord, og intervjuet kunne tilpassast respondenten (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 17). Etersom Covid19 ramma Norge før intervjua var gjennomført, blei det naudsynt å sjå på andre framgangsmåtar. I ein usikker situasjon, vart kvantitativ metode med spørjeskjemaundersøking vurdert som mest gjennomførbart og tidsmessig mest realistisk. Sjølv om svara kunne vore meir utfyllande og detaljert ved kvalitativ metode, så gjev spørjeundersøking ein fast struktur som er meir samanliknbar (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 17). Blant anna er det lettare å finne fellestrekk blant dei som deltek og dei som ikkje deltek i organisert idrett. Utfordringa var i så stor grad som mogeleg å lage eit spørjeskjema som samsvara med dei planlagde spørsmåla for intervjua. Problemstillinga har vore den same heile tida, dermed er fenomenologisk tilnærming også relevant i det kvantitative design. I diskusjonen kjem den fenomenologiske tilnærminga fram ved hjelp av tolking, og då er sosiale nettverk, habitus og kultur sentralt for å forstå samanhengar.

3.2 Utforming av spørjeskjema

I utforming av spørjeskjema var tidlegare studiar nyttige, samt tilbakemeldingar frå ulike hald. Spørjeskjemaet er semistrukturert, der spørsmål og svaralternativ er prekoda, i kombinasjon med eit ope svaralternativ når oppgitte svaralternativ kan opplevast som ikkje relevante eller sensitive (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 130). Å inkludera nøytrale svaralternativa er med på å auka reliabiliteten (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 134). Konkrete indikatorar på minoritetsjenter sitt forhold til fysisk aktivitet og organisert idrett, vart operasjonalisert gjennom å samle data om moglege faktorar som fremmar eller hemmar deltaking (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 33). Respondentane fekk moglegheit til å nyansere faktoren sin verdien på ein skala frå 0-10 etter kva som stemte mest for dei. Andre

spørsmål samlar bakgrunnskunnskap, eller gjev moglegheit for å skilje ulike variablar for å finne fellestrekk.

Før ferdigstilling av spørjeskjemaet blei det fyst justert etter kommentarar angående konkretisering, formuleringar og struktur frå rettleiar for studie og fagperson innan området fleirkulturelle og idrett. Etter nye justeringar blei spørjeskjema sendt ut på pretest til tre utanforståande personar (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 137). Med omsyn til alle tilbakemeldingar starta prosessen for datainnsamling.

3.3 Utval av respondentar

Respondentane for spørjeundersøkinga var strategisk utvalt gjennom kriteriebasert utval (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 50) Følgande tre kriteria måtte vera til stades: (1) jenter, (2) minoritetsbakgrunn, (3) 16-18 år. Det var ynskjeleg med respondentar i ein alder der dei kan reflektere over eigne val frå ein fleirkulturell bakgrunn.

Utvalet vart rekrutterte ved å ta i bruk fagfolk med kjennskap til populasjonen i ulike miljø (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 53). I e-posten vart det informert om studien sitt formål, og spørsmål om å vidaresende spørjeskjema til aktuelle respondentar. Distribusjon av spørjeskjema var vedlagt, og kunne enkelt vidaresendast ved hjelp av sjølvoppretting. Spørjeskjema vart i fyste omgang sendt ut til 10 personar i fagmiljø, og vart der i frå vidaresendt til andre 01.04, med svarfrist 15.04. Eg opplevde få svar, og valte å utsette svarfristen til 24.04, og la til endå 20 personar. Med ei påminning og utsett frist auka svarprosenten. Det endå med totalt 27 svar.

3.4 Reliabilitet og validitet

For auka reliabilitet og validitet har tidlegare forskning vore viktig for å understreke korleis det generelle fenomenet og innsamla data stemmer (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 23). Spørjeundersøkinga gjeld for noverande situasjon for respondentane, noko som aukar reliabiliteten. Problemstillinga søker kunnskap frå ei avgrensa gruppe, men igjen ei svært heterogen gruppe. Eit minimalt utval av populasjonen vart rekruttert, og ein større populasjon ville vore hensiktsmessig (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 124). Utvalet vart gjort mest moglege representativ med tilfeldighetar innanfor strategisk utval i forhold til ulike miljø og geografiske forskjellar (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 124). Det gav ei viss spreiding i utvalet, men er i liten grad valid til å representera populasjonen.

Å undersøkje fenomenet om minoritetsjenter sitt forholdet til fysisk aktivitet og organisert idrett, er komplekst. Enkelt faktorar viser ikkje korleis relasjon mellom fenomenet og innsamla data stemmer. Derimot belyser spørjeundersøkinga ulike perspektiv, som kan diskutrast opp i mot tidlegare funn. For å trekke samanlikningar kan det virke generaliserande av målgruppa. Det er uheldig, men samstundes som ein veit at det ikkje er ei homogen gruppe, så tek ein for seg ein del av befolkninga der fellestrekk vil vera relevant.

3.5 Dataregistrering

Under resultat frå data er bakgrunnskunnskap presentert i frekvenstabellar. Deretter presenterast sentraltendensen ved hjelp av kvartilar for å vise variasjonen i fordelinga. Kvartilane er rekna ut ved å rangere svara til respondentane i stigande rekkjefølgje, for så å dele dei i fire like deler. Kvartil-inndeling skil lågast verdi Q_1 og høgast verdi Q_3 , medan medianen beregnast på vanleg måte (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 147). Dette viser spreininga i svar, samt at det er mindre følsamt for ekstreme verdiar (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 147). Hensikta er å analysere korleis ulike faktorar for deltaking vert vektlagt basert på om respondenten deltek eller ikkje deltek i organisert idrett. Interreliabilitet, der ein samanliknar resultatet frå spørjeundersøkinga med tidlegare forskning, har vist at fleire av funna stemmer med tidlegare funn (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 23).

3.6 Forskingsetikk


Etter lov om behandling av personopplysingar, omfattar ikkje prosjektet behandling av personopplysingar (Personopplysningsloven, 2018, § 5 - 15). Som godkjent firma av Høgskulen på Vestlandet er SurveyXact av Rambøll brukt som verktøy for spørjeskjemaundersøkinga. Med innstillingar for anonym spørjeundersøking, sikrar SurveyXact at IP-adresser ikkje vert lagra etter retningslinjer for elektroniske spor (SurveyXact, 2018). Full anonymitet sikrar at det ikkje er moglege å identifisera enkeltpersonar verken direkte eller indirekte. Av omsyn til personvern, var studenten aldri i kontakt med respondentane. Val av distribusjon for spørjeskjema gjorde dette mogeleg. Det vart informert om retningslinjer før spørjeundersøkinga starta, og ved å gjennomføre spørjeskjema samtykte respondenten. Barn under 18 år kan svare utan samtykke frå foreldre, då opplysningane som behandlast er lite sensitive, og av avgrensa omfang. Etnisk bakgrunn er behandla, men som einaste sensitive opplysning og utan identifiserbare personopplysingar, er studien vurdert ikkje meldepliktig av student og rettleiar etter HVL og NSD sine retningslinjer.

4. Resultat


4.1 Populasjon

Det endelege talet respondentar i spørjeundersøkinga er 27 (n=27). Den fysiske forma vart kategorisert som god (59 %) eller middels (37%), og hovudvekta er fysisk aktive ein eller to gonger i veka eller meir.

Figur 1: Viser kulturell bakgrunn blant respondentane.




Figur 2: Viser opphaldstid i Norge etter år.



4.2 Tidlegare erfaring

44 % deltok ikkje på organisert idrett før dei kom til Noreg, mot 11 % som deltok, og 4 % dreiv med eigenorganisert trening. Sett i lys av at 41 % har budd i Norge heile livet, utgjer det ein stor prosentdel som ikkje har deltatt tidlegare blant respondentane som har kome til Norge i ettertid.

Figur 3: Viser fordeling av respondentane sin deltaking i organisert idrett frå fødeland.




4.3 Noverande status for deltaking i organisert idrett

70 % har svart nei på deltaking i organisert idrett, medan 30 % har svart ja på deltaking i organisert idrett. Vidare vil respondentane delast i to grupper etter om dei deltek eller ikkje deltek.

Ikkje OI: deltek ikkje i organisert idrett (n=19)


OI: deltek i organisert idrett (n=8)

Figur 4: Viser grunnar til at respondentane i Ikkje-OI ikkje deltek i organisert idrett.



42% oppgjev at dei ikkje har funne ein aktivitet som dei likar og 32% oppgjev at dei likar å trene på eiga hand. Vidare oppgjev 37 % at dei ynskjer å delta, og 58 % veit ikkje om dei vil delta eller ikkje vil delta. Kjensler for ikkje å kunne delta grunna økonomi, familie eller kultur etc., er knytt til med trist 53%, å stå utanfor 42 %, misunneleg 26 % og sinne 16%. Det er også 47 % som svarar at det er vanskeleg å sei.

Figur 5: Viser korleis respondentane i OI vart rekruttert inn i organisert idrett.



63 % oppgjev at personleg kontakt som venar eller familie er sentralt for å bli rekruttert inn i organisert idrett, og 25 % tok kontakt sjølv eller blei spurt om å bli med. På spørsmål om kvifor dei deltek i organisert idrett, svarar respondentane at det er gøy, sosialt og at ein gjer det for eigen helse.

4.4 Faktorar for at respondentane deltek/ikkje deltek

Tabell 1-4 viser moglege faktorar som kan påverke deltaking i organisert idrett vurdert frå 0-10, der 0 svarar til at det stemmer ikkje og 10 svarar til at det stemmer heilt. Kvar tabell presenterer ein faktor, men med to ulike vinklingar etter Ikkje-OI og OI sine variablar frå spørjeundersøkinga. Ikkje-OI og OI er set opp mot kvarandre for å vise motsetningar. Samanlikning av median viser eit mønster der OI svarar opp mot 10, medan Ikkje-OI sin median variera mellom 0-4. Svarfordelinga viser korleis 25 % av verdiane er under Q_1 og 75 % av verdiane er under Q_3 . Det er følgeleg trekt fram fire variablar, vist i dei fire tabellande under.

Tabell 1: Vanar for fysisk aktivitet og organisert idrett.

Samanlikning av median: $M = 4,5$ (Ikkje-OI) / $M = 10$ (OI)

Svarfordeling blant Ikkje-OI: Fysisk aktivitet er ikkje noko eg gjer for sosialt og gøy, eg gjer det berre viss eg må, for eksempel på skulen.

$Q_1 = 0$	25 % (n= 6)
$M = 4,5$	50 % (n= 7)
$Q_3 = 10$	75 % (n= 6)

[0 0 0 0 0 0 3 3 4 5 5 6 9 10 10 10 10 10]

Svarfordeling blant OI: Eg har alltid vore glad i å vera fysisk aktiv.

$Q_1 = 10$	25 % (n= 3)
$M = 10$	50 % (n= 2)
$Q_3 = 10$	75 % (n= 3)

[6 10 10 10 10 10 10 10]

Tabell 2: Kjennskap til organisert idrett

Samanlikning av median: $M = 2$ (Ikkje-OI) / $M = 9,5$ (OI)

Svarfordeling blant Ikkje-OI: Eg kjenner ikkje til idrettstilboda der eg bur.

$Q_1 = 0$	25 % (n= 6)
$M = 2$	50 % (n= 7)
$Q_3 = 4,5$	75 % (n= 6)

[0 0 0 0 0 0 1 2 2 2 3 4 4 5 10 10 10 10]

Svarfordeling blant OI: Eg kjenner til idrettstilboda der eg bur.

$Q_1 = 7,5$	25 % (n= 3)
$M = 9,5$	50 % (n= 2)
$Q_3 = 10$	75 % (n= 3)

[5 7 8 9 10 10 10 10]

Tabell 3: Familie

Samanlikning av median: **M = 4** (Ikkje-OI) / **M = 10** (OI)

Svarfordeling blant Ikkje-OI: Eg vert avgrensa av familieplikter.

$Q_1 = 0,5$	25 % (n= 6)
$M = 4$	50 % (n= 7)
$Q_3 = 6$	75 % (n= 6)

[0 0 0 0 0 1 1 1 2 4 4 5 5 6 6 6 8 10 10]

Svarfordeling blant OI: Eg får støtte frå familien min.

$Q_1 = 10$	25 % (n= 3)
$M = 10$	50 % (n= 2)
$Q_3 = 10$	75 % (n= 3)

[1 10 10 10 10 10 10 10]

Tabell 4: Religion

Samanlikning av median: **M = 0** (Ikkje-OI) / **M = 10** (OI)

Svarfordeling blant Ikkje-OI: Situasjonar i idretten gjer det vanskeleg å delta i høve til min religion.

$Q_1 = 0$	25 % (n= 6)
$M = 0$	50 % (n= 7)
$Q_3 = 3,5$	75 % (n= 6)

[0 0 0 0 0 0 0 0 0 0 1 2 3 4 4 5 6 10]

Svarfordeling blant OI: Det er tilrettelagt for at eg kan delta i høve til min religion.

Q ₁ = 7,5	25 % (n= 3)
M = 10	50 % (n= 2)
Q ₃ = 10	75 % (n= 3)

[3 7 8 10 10 10 10 10]

5. Diskusjon

5.1 Motivasjon for fysisk aktivitet

Resultatet viser at respondentane vurderer sin fysiske form som god eller middels, og at dei er forholdsvis fysiske aktive. Kva som motiverer respondentane kjem ikkje fram i studien, derimot kan det sjåast i samanheng med tidlegare resultat. I Ung i Oslo-studien er dei vanlegaste motiva for trening blant minoritetsjenter å halde seg i form og for å få ein sunn kropp, men også fordi dei synes det er gøy og moro (Ødegard et al, 2016, s. 92). Når unge oppgjev manglande motivasjon, var dette oftast grunna i manglande vilje til å forplikta seg til faste treningar i tillegg til manglande kompetanse og interesse for trening (Strandbu & Bakken, 2007; Ødegard et al, 2016).

5.2 Tidlegare erfaring

Figur 3 viser at 44 % har ikkje deltatt i organisert idrett før dei kom til Norge, samt at 41 % er fødd i Norge. Det er dermed få av respondentane som har erfaring med fysisk aktivitet frå fødelandet sitt, likeins med resultat frå Ungdata (Bakken, 2019). Erfaringar i oppveksten gjer at frivilligheit i varierende grad vert ein del av individets naturlege måte å vera på – deira habitus (Wollebæk et al. 2015). Det antydast to mekanismar, høvesvis verdioverføring frå foreldre til barn, eller at eigen deltaking i barndommen kan bidra til habitusmekanismen. Felles for dei to mekanismane er at erfaringar i oppveksten bidrar til at fysisk aktivitet og idrett vert ein naturleg del av kvardagslivet (Wollebæk et al. 2015; Ødegård et al, 2016, s 18). Eit interessant perspektiv er kor stor betydning familie er i alderen 16 – 18 år. Viss ein går ut i frå at ein er mindre avhengig av foreldre i ungdomsalderen, styrast vala av naturlege vanar som nødvendigvis ikkje grunnast i bevisste holdningar til fysisk aktivitet.

5.3 Grunnar til ikkje å delta i organisert idrett

Figur 4 viser at hovudgrunnane til ikkje å delta i organisert idrett er at ein ikkje har funne ein aktivitet som ein likar, og at ein likar å trene på eiga hand. Vidare oppgjev Ikkje-OI at dei ynskjer å delta, eller dei veit ikkje om dei vil delta eller ikkje. I fylgje funn frå Ungdata er det ei helling mot utvikling av treningsformer med meir individualiserte motiv for trening, framfor kollektive motiv som idretten tilbyr (Ødegard et al, 2016; Bakken, 2019). Dei trendane som er i samfunnet, er viktig å fylgje også for idretten. Det er vesentleg fleire ungdommar på vidaregåandetrinn som trenar på treningsstudio enn som trenar i idrettslag (Ødegård et al, 2016, s. 22). Fråfall i ungdomsidretten gjeld i større omfang enn for jenter med minoritetsbakgrunn. Når ein vel å verken delta i organisert idrett eller ikkje trenar så aukar sosiale forskjellar, som allereie er førekomsten (Ødegård et al, 2016, s. 99). Det kan også tenkjast at sosioøkonomiske ressursar opnar for materiell velferd i form av idrettsutstyr og moglegheit for å prøve ulike idrettar for å finne ein aktivitet som ein likar.

5.4 Grunnar til å delta i organisert idrett

Grunnar til å delta i organisert idrett for OI er utelukande lystprega. Figur 5 viser at det sosiale nettverket har spelt ei viktig rolle for å bli rekruttert. Dette stemmer med Wollebæk (2015) som framhevar betydninga av personleg kontakt med personar som er aktive innan frivillig arbeid aukar sannsynet for at ein sjølv fattar interesse eller vert rekruttert. Sjølv om det gjeld frivillig arbeid, kan ein argumentere for at dette kan overførast til frivillig deltaking i idrett, som i studien viser at kjennskap til organisert idrett blant venar og familie er sentralt.

Idretten pregast av sjølvrekrutterande nettverk, kor det i liten grad hentast inn tillitsvalte og ledarar frå grupper som er svakt representert (Kulturdepartementet, 2014). Det er nesten ingen tillitsvalte i norsk idrett med minoritetsbakgrunn og få synlege rollemodellar frå minoritetsmiljø. Manglande rollemodellar er eit faktum for rekruttering av minoritetsjenter. I denne samanhengen krevjast både nettverk og kultur- og mangfaldskompetanse for å legge til rette for rekruttering.

5.5 Faktorar for å delta/ikkje delta i organisert idrett

Vidare vert resultatet tolka etter Ikkje-OI og OI sine medianar frå dei samsvarande faktorane vurdert frå 0-10. Ved å skilje respondentane vil samanhengar mellom faktor og verdi belysast, for i større grad å forstå kva som fremmar og hemmar deltaking i organisert idrett.

5.5.1 Vanar for fysisk aktivitet

Ikkje-OI sin median på 4,5 i tabell 1, fysisk aktivitet er ikkje noko eg gjer for sosialt og gøy, eg gjer det berre om eg må, viser at det er like mange som svarar at det stemmer som at det ikkje stemmer. OI sin median på 10 viser at respondentane alltid har vore fysisk aktive. For å samanlikne resultat frå studien, er resultat frå intervju framstilt i «Idrett, kropp, kjønn og kultur» interessant. Strandbu (2006) har intervjuet ei basketballgruppe og ei segregert aerobicgruppe, der jentene i basketballgruppa trenar «for å ha det gøy», og aerobicjentene trener primært av helsemessige årsaker og fordi dei ønsker å gå ned i vekt. Begge gruppene trekkjer fram det sosiale aspektet ved treninga. Det vert vektlagt korleis dei to arenaene stiller ulikt krav til ferdigheiter. Såleis viser det seg at basketballjentene alltid har vore aktive, medan aerobicjentene har vore meir passive (Strandbu, 2006, s. 237). Sidan OI sine vanar ser ut til å fylgt dei, kan det argumenterast for at vanar og idrettsdeltaking har ein samanheng i deira tilfelle. Det er ikkje like tydeleg for Ikkje-OI, og dermed lite grunnlag trekke dei same slutningane. Derimot viser spreing av svara nokre tilfelle der holdningar kan ha samanheng for ikkje å delta i organisert idrett. Som tidlegare nemnt, vil vanar frå barndommen etterkvart påverkar sjølvstendige val. Det kan vera holdningar knytt til lite erfaring eller andre assosiasjonar til fysisk aktivitet og trening.

5.5.2 Kjennskap til organisert idrett

Begge gruppene svarar at dei er kjent med idrettstilboda, likevel deltek ikkje størstedelen av jentene. Samanheng med kjennskap i idrett, stemmer både for Ikkje-OI med median på 2 og OI med median på 9,5. Det kan vera ein indikator på at tilboda ikkje strekker til eller manglande interesse for organisert idrett. Jentene er i ein alderen der livssituasjonen vil vera relevant for å forstå val. Overgangen frå barneskulen til ungdomsskulen, og deretter til vidaregåande, kan representere brot i tilknytning både til lokalsamfunn og til etablerte sosiale relasjonar (Wollebæk et al, 2015). Endring i livsfase kan gje nye nettverk og andre faktorar kan føra til at idretten erstattas av andre fellesskap og nye arenaer for samhandling, også når det gjeld fysisk aktivitet (Ødegård et al, 2016, s. 18).

5.5.3 Kulturelle forskjellar

Utgangspunktet for kulturforståinga om at foreldre begrensar og kontrollerer unge jenter for å få dei til å følgje foreldra sin tradisjon og kultur er kjent, spesielt er dette gjeldande for Islam (Walseth, 2011, s. 358). Utan at desse kulturelle forskjellane nødvendigvis er utbredt blant jentene i studien, så er det relevant å ta med i forhold til faktorar som kan påverke deltaking.

Funna til Strandbu (2006) viser til idrettsleiarar og unge jenter med minoritetsbakgrunn som gir inntrykk av at foreldra er positive til at dei heldt seg i god fysisk form, men også at foreldra ikkje var opptatt av at treninga skulle føregå i idrettslagene sin regi. Dei er ikkje negative til idrett, men det er heller ikkje ein sentral del av barneoppdraginga å introdusere dei unge til idrettslaga (Strandbu, 2006, s. 82). I tabell 3 og 4 viser OI ein median på 10 for støtte frå familie og tilrettelegging i høve til religion, mot Ikkje-OI som viser ein median på 4 for avgrensingar i familieplikter og 0 for tilrettelegging i høve til religion. OI viser klar samanheng mellom familie og religion for deltaking i organisert idrett. Spreiing i svara blant Ikkje-OI må forståast med individuelle forskjellar innan familiesituasjon og religion. Det er også verdt å nemne at ein skal vera varsam med å blande kultur og religion. Korleis betydning av familieplikter spelar inn er vanskeleg å lese ut frå studien, men verknad kan kome i form av faktiske avgrensingar eller eigen samvit. Viss tilfellet er at Ikkje-OI stiller lite krav til tilrettelegging for religion, viser det at eit bredt perspektiv på kulturforståing er aktuelt for å forstå barrierar. Dermed kan ein sjå korleis habitus dreier seg om eigne ynskjer og djupare sosialiserte motivasjonar med bakgrunn i oppdraging og oppvekst (Strandbu, 2006, s. 84).

5.6 Idretten sin verdi

Det vert ikkje i studien stilt spørsmål om tidlegare deltaking i organisert idrett i Norge, berre deltaking i fødeland og noverande situasjon. Dersom jentene i Ikkje-OI verken har deltatt i fødelandet sitt eller deltatt her i Norge, så er det grunn til å tru at dei har eit forhold til organisert idrett der dei gjer seg opp meiningar basert på inntrykk, medan dei som deltek svarar etter eigne erfaringar. Det som er interessant er at fleire i Ikkje-OI kan relatera seg til kjensler knytt til og ikkje kunne delta på grunn av familie, religion, økonomi, etc., som trist, å stå utanfor, misunneleg og sinne. Det gir inntrykk av at dei negative kjenslene er velkjent.

Gjennomsnittet for personar med minoritetsbakgrunn er dårlegare levekår og lågare inntekt enn resten av befolkninga (Integerings- og mangfoldsdirektoratet, 2019). Det er derfor interessant å tolke korleis behova styrer jenter med minoritetsbakgrunn sin åtferd og motivasjon, samanlikna med jenter med norskfødde foreldre. Idretten kan sjåast på som eit behov for sjølvrealisering, når lågare trinn i Maslows behovspyramide er dekkja. Ødegård et al. (2016) viser at jenter med minoritetsbakgrunn bruker mykje tid på skularbeid. Det kan forklarast med at behov for sikkerheit og tryggleik er i mindre grad oppfylt. Jentenes alderen kan vera ei tid kor det er større krav til skuleprestasjonar og utdanning er ein sentral del for vegen vidare, som forklarar korleis behov for sikkerheit og tryggleik styrer åtferd og

motivasjon. Vidare styrast ein av sosiale behov i form av å ha eit nettverk rundt seg, samt korleis det dekkjer neste behov for anerkjening og respekt. Åtferd og motivasjon vil avhenga av andre, og vera av betydning for å ha tru på det ein gjer inn i idretten eller andre arenaer. Sjølv om øvre sosiale lag er noko overrepresentert i den organiserte idretten i Norge, har det vore vanleg at barn og unge frå alle samfunnslag har deltatt (Strandbu, 2006, s. 82). Når ein har dekkja fysiologiske behov frå tidleg oppvekst, kan vegen for sjølvrealisering vera kortare.

Frivillige organisasjonar er ofte berarar av moralske verdiar og sosiale fellesskap (Halvorsen, Stjernø, Øverbye, 2019, s. 21). For eksempel er dugnad i idretten elementært. Det er i kraft av dugnad at idretten har suksess i barneidrett og toppidrett, og er ei sterk stemme overfor staten og myndigheitene (Breivik, 2011, s. 17) Dei normene som ligg til grunn for dette stiller eit særskilt krav til føresette, som ikkje nødvendigvis er sjølv sagt for utanforståande. Sjølv om minoritetsjentene får støtte frå føresette til å delta, så er det ikkje dermed sagt at føresette deltek fullt ut i form av forventingar i idretten. Utan at det vert diskutert grundigare, er eit kritisk blikk på idretten sin organisering og tilrettelegging ein ettertanke for vidare arbeid med inkludering.

5.7 Styrkjer og svakheiter ved studien

Populasjonen i studien er så lita at ei gruppe utgjer store utslag på resultat. Det kan tenkast at fleire frå same idrettslag eller vennegjeng har svart. Funna som er diskutert i studien er tatt ut i frå kva respondentane har svart, sett opp i mot tidlegare forskning. Det er tatt med i betraktning at dette er eit lite utval, og at resultatet ikkje er representativ for andre jenter med minoritetsbakgrunn enn dei som deltek i studien. Følgjeleg kan spørsmål tolkast ulikt, samt at jentene er ulike individ med ulike utgangspunkt. Studien har dermed lite grunnlag for å vite kva som faktisk ligg til grunn for samanhengane som er diskutert. Det er i studien hovudsakleg sett på minoritetsjenter som ei felles gruppe. Sjølv om det ikkje er hensiktsmessig å generalisere, så er det tatt utgangspunkt i at idretten skal retteleggja for alle uavhengig av bakgrunn.

Erfaringar som er gjort undervegs, ville antakeleg styrka utforminga på ein ny studie. I ettertid kunne andre spørsmåla med fordel vore stilt på ein annan måte, eller tatt vekk. Eksempelvis endå meir samsvar mellom faktorane som samanliknast. Ideelt sett kunne nyanseringsspørsmålet også hatt 5 verdiar framfor 10 verdiar. Meir bakgrunnskunnskap om respondentane har deltatt i organisert idrett i Norge tidlegare, eventuelt kvifor respondentane har slutta, om dei deltek i andre frivillige organisasjonar ville vore interessant.

Eigne erfaringar gjer ikkje det mogleg å sette seg direkte inn situasjonen som jenter med minoritetsbakgrunn opplever. Utan at ein skal ta inn eigne meiningar, er utgangspunktet for studien starta basert på visse forforståingar, og det vil vera vanskeleg og ikkje ha meiningar eller forhåpningar om funn. Etter kvart som eg har tileigna meg meir kunnskap har det både vore tilfelle der forforståingane har vorte bekrefta eller avkrefta. Så godt det lar seg gjere har studie vore nøytralt, men kva ein vel å fokusere på kan til ei viss grad vera påverka.

6. Oppsummering

Oppgåva har vist at det ikkje er eit enkelt svar på kva forhold jenter med minoritetsbakgrunn har til fysisk aktivitet og organisert idrett. Det er samansett av ei rekke faktorar som motivasjon, erfaring, vanar, sosiale nettverk, kultur, religion og livsfase. Dei mest interessante funna er likevel å forstå forholdet i samanheng med korleis sosiale nettverk og habitus påverkar den enkelte sin motivasjon. Det sosiale nettverket spelar ei viktig rolle for kven ein er, samt at habitus er forma av menneske ein omgås. Saman kan ein sei at sosial nettverk påverkar motivasjon, og motivasjon sluttast av den naturlege veremåte som er innarbeidd frå tidleg barndom. Ved hjelp av Maslows behovspyramide er tolkingar for korleis behov styrar åtferd og motivasjon lagt til grunn for å forstå at forhold til fysisk aktivitet og organisert idrett kan vera ulikt. Som Strandbu (2006) påpekar er sosialistiske forståingar sentrale framfor å sjå individ sine avgrensingar. Der av kan ein sjå korleis ulike kulturar er gjeldande, også når det gjeld fysisk aktivitet og organisert idrett.

Det er avgrensa kva ein kan få ut av ein så liten studie. Ingen ting er endeleg, men tileigna kunnskap og ei større forståing har sett ting i perspektiv. På grunnlag av dei funna som er gjort vil eg til slutt trekke fram korleis minoritetsjenter sitt forhold til fysisk aktivitet og organisert idrett må sjåast i eit breitt perspektiv. Norges idrettsforbundet har opparbeidd seg ei samfunnsrolle, og er medansvarleg i politiske mål. Gjennom å signere fritidserklæringa, er inkludering sett på dagsorden av både regjeringa og idrettsforbundet. Det krev ytterlegare kunnskap frå alle hold. Kunnskap i form av tilrettelegging for brei deltaking i organisert idrett, og kunnskap ut til minoritetsjenter som skal rekrutterast. Det er i det arbeidet viktig å framheve kva betydning idrett kan ha, med tanke på sosiale nettverk, tilhøyr og vanar som fremmar helse. Idretten er ein arena for både fysisk aktivitet og sosialt fellesskap som gjer at deltaking på mange måtar kan vera eit førebyggjande tiltak. I eit folkehelseperspektiv er det spesielt av verdi for enkeltmennesket sin livskvalitet, men også for samfunnet.

Litteraturliste

- Bakken, A. (2019). *Idrettens posisjon i ungdomstida*. (NOVA Rapport 2/2019). Henta frå <http://www.oslomet.no/om/nova>
- Breivik, G. (2011). Norges idrettsforbund som ideologisk maktfaktor og aktivitetskaper. I D. V. Hanstad (Red.), *Norsk Idrett: indre spenning og ytre press* (s. 11-26). Oslo: Akilles.
- Christoffersen, L. & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag AS.
- Eriksen, T. H. (2011). Kultur: Forskjeller og likheter mellom mennesker. I T. H. Eriksen & T. A. Sajjad (Red.), *Kulturforskjellar i praksis: Perspektiver på det flerkulturelle Norge* (s. 33-48). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Folkehelseinstituttet. (2017, 27. september). Fysisk aktivitet i Noreg. Henta frå <https://www.fhi.no/nettpub/hin/levenaner/fysisk-aktivitet/>
- Helse og omsorgsdepartementet. (2019). *Folkehelsemeldinga: Gode liv i eit trygt samfunn* (Meld. St. 19 (2018 – 2019)). Henta frå <https://www.regjeringen.no/>
- Integrerings- og mangfoldsdirektoratet. (2019, 07. februar). Levekår. Henta frå <https://www.imdi.no/om-integrering-i-norge/innvandrere-og-integrering/levekår/>
- Kulturdepartementet. (2018). *Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig: Den statlege frivilligheitspolitikken* (Meld.St.10 (2018-2019)). Henta frå <https://www.regjeringen.no/>
- Kulturdepartementet. (2014). *Kom igjen, jenter!*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/>
- Maslows behovspyramide. (2018). I *Nasjonale digital læringsarena*. Henta frå <https://ndla.no/nb/subjects/subject:40/>
- Norge idrettsforbund. (2019). *Idretten vil!*. Henta frå <https://www.idrettsforbundet.no/om-nif/idretten-vil-2019-2023/>
- Personopplysningsloven. (2018). Lov om behandling av personopplysninger (LOV-2018-06-15-38). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-15-38>

- Regjeringa. (2016). *Fritidserklæringen*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/>
- Statistisk sentralbyrå. (2019, 5. mars). Slik definerer SSB innvandrere. Henta frå <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/slik-definerer-ssb-innvandrere>
- Strandbu, Å. & Bakken, A. (2007). *Aktiv Oslo-ungdom. En studie av idrett, minoritetsbakgrunn og kjønn*. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Strandbu, Å. (2006). *Idrett, kjønn, kropp og kultur: Minoritetsjenter sitt møte med norsk idrett*. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- SurveyXact. (2018). Datasikkerhet. Henta frå <https://www.surveyxact.no/produkt/sikkerhet/>
- Walseth, K. (2011). Jenter med minoritetsbakgrunn i idretten - status og utfordringer. I D. V. Hanstad (Red.), *Norsk Idrett: indre spenning og ytre press* (s. 355-370). Oslo: Akilles.
- Wollebæk, D., Sætrang, S. & Fladmoe, A. (2015). *Betingelser for frivillig innsats: Motivasjon og kontekst*. (Rapport 1/2015). Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Ødegård, G., Bakken, A. & Strandbu, Å. (2016). *Idrettsdeltakelse og trening blant ungdom i Oslo* (2016:7). Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.

Vedlegg 1: Spørjeskjema

Vil du delta i en 5 minutters undersøkelse, der formålet er å forstå mer om jenter sitt forhold til fysisk aktivitet og organisert idrett? Viss du er i aldersgruppen 16 – 18 år og har minoritets/flerkulturell bakgrunn, er dine erfaringer nyttige. Uansett hvor fysisk aktiv du er, kan du hjelpe med å forstå hva som skal til for at flere blir med.

Formål

Formålet er økt kunnskap om betydningen av fysisk aktivitet, deltagelse i organisert idrett, og mulige årsaker til at man deltar/ikke deltar. Jeg håper at ulike vinklinger på hvorfor man er med og hvorfor man ikke er med, gir enn større forståelse. Problemstillingen belyses ved hjelp av spørreundersøkelse blant målgruppen selv, jenter med flerkulturell bakgrunn i alderen 16 – 18 år.

Mitt navn er Åsne, jeg studerer til Folkehelsearbeid med vekt på fysisk aktivitet og kosthold. Svarene fra spørreundersøkelsen vil være en del av min avsluttende oppgave på studiet.

Hvem er ansvarlig for forskningsprosjektet?

Høgskulen på Vestlandet er ansvarlig for prosjektet.

Hvorfor får du spørsmål om å delta?

Vi vil ha svar fra deg som har minoritetsbakgrunn, er mellom 16 – 18 år, og har ulik erfaring innen fysisk aktivitet og organisert idrett. Gjennom anbefalinger fra trenere eller andre ansatte med kjennskap til målgruppen, får du spørsmål om å delta.

Hva innebærer det for deg å delta?

Viss du velger å delta i prosjektet, innebærer det at du fyller ut et spørreskjema. Det vil ta deg ca. 5 minutter. Spørreskjemaet inneholder spørsmål om hvor fysisk aktiv du er, motivasjon, deltagelse i organisert idrett og faktorer som kan påvirke om du deltar eller ikke deltar.

Det er frivillig å delta

Deltagelse i spørreundersøkelsen er frivillig og anonym. Dersom du svarer, har du gitt samtykke til å delta. Dersom du ikke vil delta, kan du la være å svare. Dersom du ombestemmer deg underveis i utspørringen, lar du være å levere inn skjemaet. Etter at skjemaet er levert, kan svarene ikke trekkes tilbake fordi de er levert anonymt og kan ikke spores tilbake til deg, heller ikke via indirekte opplysninger eller skjulte elektroniske spor som IP-adresse.

Hvor kan jeg finne ut mer?

Viss du har spørsmål til studiet, eller ønsker å nytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

Høgskulen på Vestlandet ved student, Åsne Henden, tlf. 97607892 eller veileder, Arild Hafstad, tlf. 55585591.

Vårt personvernombud: Trine Larsen, på epost (trine.larsen@hvl.no)

1) Hva er din kulturelle bakgrunn?

- Europeisk bakgrunn
- Midtøsten og Nord - Afrika (F.eks., Arabiske land i Midtøsten, Iran, Egypt, Pakistan, Afghanistan)
- Midt - Asiatisk (F.eks., India, Bangladesh, Nepal)
- Øst - Asiatisk og Sør - Øst Asiatisk (F.eks., Kina, Filipinene, Indonesia, Thailand, Japan)
- Afrikansk bakgrunn utenom Nord - Afrika
- Oseanisk
- Nord - Amerikansk
- Latin - Amerikansk og Karibisk bakgrunn

2) Hvor lenge har du bodd i Norge?

- Jeg er født i Norge
- Under 5 år
- 5 - 10 år
- Mer enn 10 år

3) Hvordan vil du si at din fysiske form er:

- Svært god
- God
- Middels
- Dårlig

4) Hvor ofte gjør du en eller annen form for fysisk aktivitet?

Med fysisk aktivitet menes organisert trening i et idrettslag, egenorganisert trening ute eller på treningssenter.

- Hver dag
- Annen hver dag

- En eller to ganger i uken
- Et par ganger i måneden
- Mindre enn en/to ganger i måneden
- Aldri

5) Deltar du i en eller flere organiserte idretter?

Med organisert idrett menest all aktivitet som er organisert av en trener eller andre ansvarlige i et idrettslag, en klubb, eller idrettsgruppe.

- (1) Ja
- (2) Nei

5-1a) Hvilken aktivitet(er)?

Her kan du velge flere svaralternativ.

- Fotball
- Håndball
- Basketball
- Volleyball
- Langrenn
- Friidrett
- Sykling
- Tennis
- Golf
- Turn
- Dans
- Badminton
- Kampsport
- Svømming
- Innebandy
- Andre aktiviteter:

5-1b) Hva er grunnen til at du deltar i organisert idrett?

Her kan du velge flere svaralternativ.

- Det er gøy
- Jeg gjør det for helsen min
- Jeg liker å være fysisk aktiv
- Det er sosialt
- Det er forventet av meg
- Finner du ikke et svar som passer, beskriv gjerne selv:

5-2a) Hva er grunnen til at du ikke deltar i organisert idrett?

Her kan du velge flere svaralternativ.

- Jeg har ikke funnet en aktivitet som jeg liker
- Jeg liker ikke fysisk aktivitet
- Jeg prioriterer det ikke
- Jeg har sluttet av ulike grunner
- Jeg liker å trene på egen hånd
- Midlertidig opphold i organisert idrett
- Finner du ikke et svar som passer, beskriv gjerne selv:

5-2b) Ønsker du å delta i organisert fysisk aktivitet?

- Ja, jeg ønsker egentlig å delta i organisert idrett
- Jeg ønsker ikke å delta i organisert idrett
- Vet ikke om jeg vil eller ikke vil delta i organisert idrett
- Finner du ikke et svar som passer, beskriv gjerne hva du mener:

6) Deltok du i organisert idrett før du kom til Norge?

- Ja
- Nei
- Nei, men jeg drev med egenorganisert trening
- Vet ikke
- Jeg har bodd i Norge hele livet

**7-2) Nedenfor finner du mulige faktorer som kan påvirke deltagelse i organisert idrett.
Svar på hvor mye du tror det stemmer for deg, ved å velge et tall.**

7-2a) Idrettsdeltagelse koster for mye penger.

- 0 (Jeg tror ikke dette stemmer i det hele tatt)
- 1
- 2
- 3
- 4
- 5
- 6
- 7
- 8
- 9
- 10 (Jeg tror dette stemmer helt)

7-2b) Idrettsdeltagelse tar for mye tid.

- 0 (Jeg tror ikke dette stemmer i det hele tatt)
- 1
- 2
- 3
- 4
- 5
- 6
- 7
- 8
- 9
- 10 (Jeg tror dette stemmer helt)

7-2c) Kjenner ikke til idrettstilbudene der jeg bor.

- 0 (Jeg tror ikke dette stemmer i det hele tatt)

- 1
- 2
- 3
- 4
- 5
- 6
- 7
- 8
- 9
- 10 (Jeg tror dette stemmer helt)

7-2d) Idretten er preget av prestasjon og konkurranse, noe som ikke passer meg.

- 0 (Jeg tror ikke dette stemmer i det hele tatt)
- 1
- 2
- 3
- 4
- 5
- 6
- 7
- 8
- 9
- 10 (Jeg tror dette stemmer helt)

7-2e) Det føles som det krever for mye av meg, at jeg må være spesielt god i idretten.

- 0 (Jeg tror ikke dette stemmer i det hele tatt)
- 1
- 2
- 3
- 4
- 5
- 6

- 7
- 8
- 9
- 10 (Jeg tror dette stemmer helt)

7-2f) Jeg blir begrenset av familieplikter.

- 0 (Jeg tror ikke dette stemmer i det hele tatt)
- 1
- 2
- 3
- 4
- 5
- 6
- 7
- 8
- 9
- 10 (Jeg tror dette stemmer helt)

7-2g) Situasjoner i idretten gjør det vanskelig å delta i henhold til min religion.

- 0 (Jeg tror ikke dette stemmer i det hele tatt)
- 1
- 2
- 3
- 4
- 5
- 6
- 7
- 8
- 9
- 10 (Jeg tror dette stemmer helt)

7-2h) Det er skremmende å begynne på nye aktiviteter alene.

- 0 (Jeg tror ikke dette stemmer i det hele tatt)
- 1
- 2
- 3
- 4
- 5
- 6
- 7
- 8
- 9
- 10 (Jeg tror dette stemmer helt)

7-2i) Fysisk aktivitet er ikke noe jeg gjør for sosialt og gøy, jeg gjør det bare viss jeg må, for eksempel på skolen.

- 0 (Jeg tror ikke dette stemmer i det hele tatt)
- 1
- 2
- 3
- 4
- 5
- 6
- 7
- 8
- 9
- 10 (Jeg tror dette stemmer helt)

7-2j) Har du andre grunner du tror kan være viktige for deltagelse i organisert idrett?

8-2) Hvilke følelser sitter man med hvis man ikke kan delta pga. årsaker som økonomi, familie, kultur, etc.?

Her kan du velge flere svaralternativ.

- Trist
- Sint
- Likegyldig
- Skam
- Å stå utenfor
- Misunnelse
- Det er vanskelig å si
- Andre følelser: _____

7-1) Nedenfor finner du mulige faktorer som kan påvirke at man fortsetter med organisert idrett over tid. Svar på hvor mye du tror det stemmer for deg, ved å velge et tall.

7-1a) Idrettsdeltagelse koster ikke for mye penger.

- 0 (Jeg tror ikke dette stemmer i det hele tatt)
- 1
- 2
- 3
- 4
- 5
- 6
- 7
- 8
- 9
- 10 (Jeg tror dette stemmer helt)

7-1b) Idrettsdeltagelse tar passelig med tid.

- 0 (Jeg tror ikke dette stemmer i det hele tatt)
- 1

- 2
- 3
- 4
- 5
- 6
- 7
- 8
- 9
- 10 (Jeg tror dette stemmer helt)

7-1c) Jeg kjenner til idrettstilbudene der jeg bor.

- 0 (Jeg tror ikke dette stemmer i det hele tatt)
- 1
- 2
- 3
- 4
- 5
- 6
- 7
- 8
- 9
- 10 (Jeg tror dette stemmer helt)

7-1d) Jeg liker at idretten kan handle om prestasjon og konkurranse.

- 0 (Jeg tror ikke dette stemmer i det hele tatt)
- 1
- 2
- 3
- 4
- 5
- 6
- 7

- 8
- 9
- 10 (Jeg tror dette stemmer helt)

7-1e) Jeg føler at jeg oppnår det som kreves av meg, at jeg er god i min idrett.

- 0 (Jeg tror ikke dette stemmer i det hele tatt)
- 1
- 2
- 3
- 4
- 5
- 6
- 7
- 8
- 9
- 10 (Jeg tror dette stemmer helt)

7-1f) Jeg får støtte fra familien min.

- 0 (Jeg tror ikke dette stemmer i det hele tatt)
- 1
- 2
- 3
- 4
- 5
- 6
- 7
- 8
- 9
- 10 (Jeg tror dette stemmer helt)

7-1g) Det er tilrettelagt for at jeg kan delta i henhold til min religion.

- 0 (Jeg tror ikke dette stemmer i det hele tatt)

- 1
- 2
- 3
- 4
- 5
- 6
- 7
- 8
- 9
- 10 (Jeg tror dette stemmer helt)

7-1h) Vennene mine deltar på samme aktivitet som meg.

- 0 (Jeg tror ikke dette stemmer i det hele tatt)
- 1
- 2
- 3
- 4
- 5
- 6
- 7
- 8
- 9
- 10 (Jeg tror dette stemmer helt)

7-1i) Jeg har alltid vært glad i å være fysisk aktiv.

- 0 (Jeg tror ikke dette stemmer i det hele tatt)
- 1
- 2
- 3
- 4
- 5
- 6

- 7
- 8
- 9
- 10 (Jeg tror dette stemmer helt)

7-1j) Har du andre grunner du tror kan være viktige for deltagelse i organisert idrett?

8-1) Hvordan ble du med i et idrettslag, en klubb, eller idrettsgruppe?

Her kan du velge flere svaralternativ.

- Jeg hadde venner/familie som deltok i organisert idrett, og ville selv begynne
- Jeg fikk informasjon om idrettstilbud fra idrettslag/skolen, og ble interessert
- Jeg fikk informasjon om idrettstilbud på sosiale medier, og ble interessert
- Jeg tok kontakt selv
- Jeg ble spurt om å bli med
- Andre årsaker: _____

9) I hvilken grad tror du at organisert idrett er for alle?

- I liten grad
- I middels grad
- I stor grad
- Har aldri tenkt over det

Takk for at du tok deg tid til å svare!